

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

Referat 5. desember 2019

Fysisk møte på Institutt for medier og kommunikasjon, Universitetet i Oslo, rom 418
Kl. 10.00-15.00

Til stades: Eiri Elvestad (leiar), Lisbeth Morlandstø, Magnus Hoem Iversen, Marika Lüders, Balder Holm og Terje Skjerdal (ref). I tillegg var Jonas Ohlsson frå Nordicom til stades på heile møtet (leiar sidan 2018), og Mari Velsand og Kristine Meek frå Medietilsynet til stades under sak 4. Terje Colbjørnsen var til stades under sak 6.

Forfall: Hanne Hestvik Kleiven

1. Innkalling

Godkjend.

2. Referat frå styremøte 16. oktober 2019

Godkjent.

3. Medieforskarkonferansen 2020 (Oslo 22.-23. oktober 2020)

Hovudinnleiarar på plass: Jill Walker Rettberg (UiB), Trine Syvertsen (UiO) og Edson C. Tandoc jr. (Nanyang Technological University, Singapore). Sistemann er planlagd kopla opp på Skype, jf. miljøprofilen til konferansen.

Ti faste arbeidsgrupper + to med «mellombels» status er klare. Call for papers vil bli lagt ut i februar.

4. Møtepunkt med Medietilsynet

Medietilsynet ved Mari Velsand (direktør) og Kristine Meek (direktør for kommunikasjon, rådgjeving og analyse) var til stades for å orientera om arbeidet til tilsynet, og for å drøfta eventuelt samarbeid med NML. NML har eit nettverk av medieforskarar som bl.a. Medietilsynet kan dra nytte av når det gjeld innhenting av forskingsdata. Både Medietilsynet og NML understreka viktigheita av å vita om kvarandre, og å utveksla relevant informasjon.

5. Møtepunkt med Nordicom

Direktør Jonas Ohlsson informerte om Nordicom, bl.a. om den nye digitalstrategien og om den nye finansieringsmodellen som inneber at berre Sverige og Noreg gjev direkte støtte til arbeidet (men tematisk sett dekkjer Nordicom framleis alle nordiske land). Hovudkvarteret er framleis ved Göteborg universitet (GU). Av budsjettet på 15 millionar SEK, kjem 6 millionar frå GU. Stor vekt på open publisering. Nordicom Review kjem berre digitalt frå 2020.

Balder Holm presenterte NordMedia Network (<https://nordmedianetwork.org/>). 48 norske forskarar har lagt inn profil så langt. Den enkelte forskaren syter for oppdatering – men det er ikkje lagt opp til at det skal ta mykje tid eller energi for den enkelte.

6. Møtepunkt med Norsk medietidsskrift

Terje Colbjørnsen – ny redaktør i NMT frå 1. desember 2019 – orienterte om tidsskriftet. NMT har vore det fjerde mest vitja tidsskriftet i Idunn-basen gjennom 2019. God tilgang til artiklar. Utgåvene (fire i året) kjem stadig ut som planlagt.

7. Ymse

- Epost til medlemmer om kontingent: Eiri sender ut.
- Revisorrapport for 2018 er klar, og rekneskapen dermed endeleg godkjend. Ca. 5000 kr i overskot.
- Høyring om mediestøtte: Den som har innspel, sender dette skriftleg til Eiri innan 6. januar. Styret drøftar eventuell høyringsfråsegn frå NML på møtet 13. januar.

Møteplan for våren:

- 13. januar 2020 kl. 14-15
- 2. mars 2020 kl. 14-15
- 20. april 2020 kl. 14-15
- 8. juni 2020 kl. 14-15

Alle møta vil skje på Skype.

Terje Skjerdal (ref)